

Ny kommunestruktur i indre Hordaland?

Ein ny kommune i hjarta av fjord-Noreg?

Litt om denne økta

- Intro og litt om tankane bak dette møtet
- Kva er stoda i dei ulike kommunane
- Moglege kommunemodellar i vårt område
- Vegen vidare – er det noko me skal sjå nærare på?

Kommunestruktur er på agendaen

- Regjeringa vil ha større og robuste kommunar. Fleirtal for dette på Stortinget
- Meir ansvar frå stat til kommune
- Ønskjer eit sterkare lokaldemokrati

- Og, ikkje minst, kommunane sjølve vert utfordra
- Rom for å tenkja nytt og rom for å undersøkja kva som er moglege framtidsbilete.
- Utgreiingsplikt for alle kommunar

Men, kvifor skal me gjera dette?

- Kommunane bør vera større for å kunna ta på seg fleire og større oppgåver
- Kommunestrukturen har vore uforandra lenge
- Ny infrastruktur utfordrar gamle grenser
- Tett samhandling mellom kommunane på fleire område
- Grensene har mindre å seia i dag enn tidlegare

Kva med vårt område?

- Me er meir enn gode naboar!
- Fleire av kommunane utgjer i dag felles bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Kommunane våre har samarbeid på fleire tenesteområde
- Me har opplagt felles interesser i mange saker
- Men, me spriker også, me vert dradd i fleire retningar
- Me som er her i dag utgjer eit stort geografisk område

Litt om korleis eg tenkjer for Voss

- Auka fokus mot Bergen – Bergen er den største drivkrafta i fylket
- Å påverka Bergen, Hordaland fylke og sentrale styresmakter er viktig
- Vår region er avhengig av eit sterkt regionsenter
- Men, Voss må vera regionsenter for nokon, ikkje for oss sjølve
- Eit sentralt spørsmål blir då korleis me beste fyller rolla som regionsenter
 - Og, kven skal me vera regionsenter for?
 - Kva forventar naboane av eit regionsenter?
 - Vil kommunestrukturen ha noko å seia i så måte?

Bygga aksen mot Bergen

- For oss er Bergen motoren i regionen
- Kopling mot Bergen avgjerande for framtidig utvikling
- Me snakkar om framtidig infrastruktur – både veg og bane

- Bergensbane
- E16, RV7, Vikafjellstunnelen mm

Bygga ein felles bu- og arbeidsmarknad

- Er i prinsippet felles den dag i dag
- Vil kunne tilby ein større heilskap i reiselivet
- Auka breidde i næringsutviklinga
- Ta utgangspunkt i atferden til våre innbyggjarar og gjester
 - Kor jobbar dei?
 - Kor handlar dei?
 - Korleis reiser dei?
 - Osv
- Kva har det å seia for innbyggjarane våre om fylkesgrensa vert flytta?

Verdas vakraste reisemål

- The fjords – the very symbol of Norway
- Me ligg alle i hjarta av fjord-Noreg, sjølv om nokon har mindre fjord enn andre.
- Kommunar som samarbeidar her kan innta ein heilt unik posisjon – verdsleiande

Verdas vakraste kommune?

Frigjering av ressursar

- Kommunesamanslåing vil òg føra til frigjering av ressursar/effektivisering
- Kraftinntekter
- Fleire variantar av nye kommunar kan bli blant dei største kraftkommunane i landet – eit kraftsentrum
- Titals millionar – til utvikling, infrastruktur og næring
 - Kan det sukra pillen?

Kva vil me at ein kommune i framtida skal vera?

- Handlar det om identitet?
- Handlar det om tenester?
- Handlar det om lokaldemokrati?
- Handlar det om å vera statens forlenga arm?
- Handlar det om næringsutvikling?
- Handlar det om moglegheiter og vekst?

Bør nokon slå seg saman?

- Ja, dersom
 - me meir eller mindre fungerer som ein felles kommune
 - me vil stå sterkare som region
 - me vil bli sett og nå opp i konkurransen med andre
 - det er ein reell fare for at me blir blant dei få små
 - me er budde på konsekvensane – sentraliseringspresset vil bli sterkt
- Nei, dersom
 - Me greier oss som det er i dag
 - Me kan styrka samarbeidet på tvers av kommunane (demokratisk utfordring)
 - Me vil ha høg politisk deltaking
 - Me kan levera gode tenester og sikra høg kompetanse

Vegen fram til svaret

- Me bør skaffa oss kunnskap om våre innbyggjarar – det er dei me i så fall skal byggja det nye kommune Noreg for!
 - Eit kunnskapsgrunnlag
- Me bør vera fordomsfrie – opne for nye argument
- Me bør vera klar på at nye kommunegrensar, om dei kjem, vil får konsekvensar (sentralisering)
- Men, me må også vera klare på at om dei ikkje kjem, at grensene blir som no, så har det også konsekvensar (tru det eller ei – sentralisering)

Konkret for Voss

- Ønskjer å vera pådrivar med grunnlag i rolla som regionsenter
- Men, ikkje på tvers av ønskjer til våre naboar
- Me har ei plikt til å synleggjera alternativ
- Bør ta omsyn til resten av fylket, vert der store kommunar, så bør me òg stå i saman
- Her vore i dialog med Vik og Aurland, men ikkje avgjort kva som skal utgreiast vidare.
- Utgreier ikkje alternativ som er urealistiske/uønska